

Beredskapsøving – Praktisk gjennomføring



Kjell Sverre H. Bergum

Beredskapssituasjonen

- Klima og ekstremvær
- Totalberedskapskommisjonen
 - Auka risiko for mangelsituasjonar i forsyningssljinjene
 - Avgrensa lagerhold og bufferar
 - Ingen nasjonal beredskap
 - Betydelege investeringsbehov innan vatn og avløp
 - Stort behov for å auke IKT-sikkerheitskompetanse
 - Behov for betre system for beredskapshandtering
 - Auke eigenberedskap til innbyggjarar og næringsliv
 - Dialog mellom kommune og næring



<https://www.regjeringen.no/contentassets/4b9ba57bebae44d2bebfc845ff6cd5f5/no/pdfs/nou20230230017000dddpdfs.pdf>



GED

Krav frå drikkevassforskrifta

Drikkevassforskrifta:

- § 9 Leveringssikkerheit
- § 10 Førebyggjande sikring
- § 11 Beredskap
- § 23 Opplysningsplikt til abonnentane
- § 24 Opplysningsplikt til Mattilsynet

§ 11 beredskap

- De skal ha en beredskapsplan
- Beredskapsplanen skal tilpassast vassforsyningssystemet
- Beredskapssituasjonar kan løysast på ulike måtar
- De skal halde beredskapsplanen oppdatert
- Det er viktig å gjennomføre beredskapsøvingar

Farekartlegging og beredskapsplan

- Skal handtere hendingar som ikkje kan førebyggast ved ordinær drift
- Bygger på farekartlegging og farehandtering
- Inkluder alle som skal bruke planen i arbeidet med å lage planen
- Aksjonsplanar som skal nyttast under ei hending må vere enkle



Beredskapsarbeid

- Kva informasjon manglar me?
- Kven har kunnskapen?
- Kvar finn ein informasjon?
- Kven har kompetanse?
 - Kva kompetanse må me sikre?
- Kartverk og driftskontroll
- Kommunikasjon
 - Rayvn
 - Alle får informasjon dei treng
- Beredskapsplan
 - Kompetanse og rollar er kjent

Beredskapsøvingar

Mest effektive måten å verte god på beredskapshandtering

Fysisk handtering

Beredskapsleiing

Varsling

Kommunikasjon

1. *Varslingsøving*
 - *Varsling av relevante instansar og ressursar*
 - *Kontrollerer at kontaktinformasjon stemmer og responstid*
2. *Skrivebordsøving*
 - *Problemløysing*
 - *Øvingskoordinator har planlagt eit eller fleire scenario*
 - *Tid til å teste beredskapsplanverk*
3. *Praktisk øving*
 - *Utføre relevante tiltak i felten*
 - *Manuell køyring av vassverk*
 - *Utsetting av naudvassforsyning*
 - *Nødklorering*
4. *Kombinert øving*
 - *Større øving som kombinerer varsling, teori og praktisk handtering*
 - *Øvingskoordinator som har planlagt eit scenario*
 - *Spelestab som simulerer omverda*

Erfaring kombinert øving

- Stryn 2022
- Sogndal 2023
- Stad 2024



Spelestab simulerer alle eksterne organ

Politi, NVE, Mattilsyn, abonnentar, aviser, media, andre kommunale etatar m.v.

Kommunal
kriseleiing
(KKL)

Øvingsleiinga

VA - drift

Spelestab simulerer alle eksterne organ

Politi, NVE, Mattilsyn, abonnentar, aviser, media, andre kommunale etatar m.v.

Kommunal
kriseleiing
(KKL)

Øvingsleiinga

VA - drift

KN	09.40	Ketil Sør bonde på Nord - ringer til VA vakt Hei. Eg sâg det hamna ein godsbil i vatnet. Er vatnet trygt å drikke? Eg lyt ha vatn til dyra mine!
KN	09:50	Frå servicetorget til [REDACTED] Hei. Det er frå servicetorget. Vi vert nedringt av folk som lurer på kva som skjer og om drikkevatnet er trygt å drikke. Kva skal eg seie? Her kan VA allereie ha iverksett tiltak. Info på heimeside mm, men det er viktig å få inn ei melding som seier noko om trykket som ville kome på servicetorget i eit slikt tilfelle. Kommunen må lage informasjon til publikum som kan leggast ut på heimeside osv.
TD	09:50	Fjordenes Tidende - ringer til [REDACTED] Hei. Me ringer for å spør om lastebilen som har hamna i Hornindalsvatnet? Dette er vel drikkevasskjelda til bebuaranne i Nordfjordeid? Korleis handterer de situasjonen? Kva tiltak har de gjort for å sikre liv og helse? Gjerne sei at de har hørt at det er terrorhandling og kva kommunen gjer for å sikre
TD/KN		Dersom dei manglar å varsle mattilsynet/kommuneleiing/kommunelege/abonnentar kan spelestaben ringe til [REDACTED] å høye kva status er.

Evaluering – bli betre neste gong

- SKRIV LOGG
 - Eigen loggførar
- Alltid felles gjennomgang etter øving/hending
- Evalueringspunkt
 - Beredskapsplan
- Revider beredskapsplan



Digitale beredskapsøving - skrivebordsøving

- Kommuneøving mai 2023
 - Statsforvaltaren i Vestland
- Same utfordringane
- Same beredskapssituasjon
- Same utstyr
- Erfaringsutveksling



Takk for merksemda!

www.vavest.no